

## Pressemelding frå SKL

### ÅRSREKNESKAP 2008 FOR SUNNHORDLAND KRAFTLAG AS

**Etter ei årsumsetning på 965 mill kr, fekk Sunnhordland Kraftlag i 2008 eit resultat etter skatt på 266 mill kr. Resultatet er identisk med 2007.**

**Driftsresultatet i 2008 vart 568 mill kr mot 348 mill kr året før. Resultatet før skatt vart 549 mill kr, mot 326 mill kr i 2007.**

Skattekostnaden for 2008 er rekna til 282 mill kr, mot 60 mill kr i 2007.

Drifta gav i 2008 eit resultat som var 220 mill kr større enn i 2007. Hovudårsaken var større dekningsbidrag frå kraftproduksjonen som fylgje av høg produksjon og auka pris. Veksten i driftsresultat vart i sin heilskap eten opp av høgare skattekostnad (ekstraordinær låg skattekostnad i 2007).

Av driftsresultatet på 568 mill kr, kjem 508 mill kr frå kraftproduksjonen.

Samla kraftproduksjonen i 2008 var 1855 GWh, som er 15% over eit midlare år. Gjennomsnittleg systempris på kraftbørsen Nordpool var 36,9 øre per kWh, mot 22,4 øre per kWh året før.

SKL har eit omfattande sentral- og regionalnett i Sunnhordland og på Haugalandet. Dette er det nest største forretningsområdet i konsernet. I 2007 fekk ein òg eit nytt nettnivå i porteføljen gjennom kjøp av distribusjonsnettet i Stord. Dei ulike nettnivåa har god leveringstryggleik. Leveringstryggleiken skal i åra framover ytterlegare styrkast gjennom oppgradering og reinvestering.

Dei nye forretningsområda breiband, naturgass og småkraft er i positiv utvikling, og dei er møtt med stor interesse i marknaden. Breiband har fin vekst og gode resultat. For naturgass er SKL godt i gong med å få distribusjonsnettet i jorda, og Aker vart som fyrste kunde kopla på i november. SKL har eit omfattande småkraftengasjement med ei kontraktsporfølje på 17 prosjekt med samla produksjonspotensiale på 175 GWh.

Det har vore stor investeringsaktivitet i eigne varige driftsmidlar, samla 128 mill kroner. I tillegg er det investert 67,5 mill kr i finansielle investeringar som utbygginga i Saundefaldene og fleire småkraftselskap. For breiband vart det gjennom året investert 21 mill kr og naturgass 19 mill kr.

SKL har sidan 2002 vore IA- bedrift og gjennom NAV hatt avtale om Inkluderande Arbeidsliv. Erfaringane med dette samarbeidet er svært gode, og det er etablert ein livsfasetilpassa personalstrategi med heilskapeleg fokus på faktorane helse, motivasjon, kompetanse og livsfase. Sjukefråværet var i 2008 på 2,9 % mot 3,05 % året før.

For betre å ivareta og reindyrke dei ulike forretningsområda vart Sunnhordland Kraftlag AS med verknad frå 1. januar 2009 reorganisert til konsern der hovudstrukturen består av morselskapet SKL og dei tre dotterselskapa SKL Nett, SKL Marked og SKL Produksjon.



**SKL AS**

Postboks 24 - 5401 Stord  
Kundeservice 53 49 60 00

post@skl.as

www.skl.as

Org.nr. 992 836 679

Konsernet sin soliditet er god. Eigenkapitaldelen på 47 % av bokførte historiske verdier gir ei sunn finansiering av konsernet sine anleggsmidler. Dei reelle verdiane i konsernet sine produksjonsanlegg er langt større enn dei bokførte verdiane. Eigenkapitalen er forsvarleg ut frå risiko ved og omfang av verksemda i konsernet.

Årsrekneskapen vart handsama i styret 16. mars 2009. Styret tilrår overfor generalforsamlinga ei utbetaling til aksjonærane på 219,5 mill kr. Generalforsamlinga vert halden 27. april.

**KONTAKTPERSONAR**

Konsernsjef Magne Heimvik                      53 49 60 00 / 97 55 60 65

Økonomisjef John Martin Mjånes                53 49 60 00 / 97 55 60 09

SKL den 18. mars 2009

Tjerand Espeland  
org sjef